



GISKE KOMMUNE
Valderhaug 4
6050 VALDERØYA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Giske kommune - Vedtak om løyve til mudring i tilknytning til utskifting av vassleidning

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Giske kommune løyve til mudring mellom Godøya og Giske i tilknytning til utskifting av vassleidning. Løyve med vilkår er vedlagt.

Vi varslar eit gebyr på kr 16 900 for sakshandsaminga.

Vi syner til søknad av 11.05.2021 om mudring i sjøen mellom Godøya og Giske.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Giske kommune løyve til mudring ved Gjerdehamna på øya Giske (gnr. 130 bnr. 1) og Valkve på Godøya (gnr. 124 bnr. 258) i tilknytning til utskifting av vassleidning. Løyvet er gjeve med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16 og i medhald av *forskrift om begrensning av forureining* av 01.06.2004 (forureiningsforskrifta) § 22-6. Statsforvaltaren har ved avgjerda, og ved fastsetting av vilkåra, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett i samband med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet.

Løyvet til verksemd etter forureiningslova kan ikkje nyttast før det òg føreligg eventuelle naudsynte løyve eller avklaringar etter andre relevante lovverk.

Det kan gjerast endringar i dette løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor føreligge i god tid før endringa ynskjast gjennomført. Løyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt dette brevet.

Løyvet til forureinande aktivitet gjev ikkje fritak frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap årsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn



Giske kommune har søkt om løyve til eit mindre tiltak med mudring i tilknytning til utskifting av vassleidning mellom øya Giske og Godøya. Tiltaka er planlagt utført i sumarhalvåret 2021, med oppstart allereie i juni med å fjerne defekt leidning. Ved Giske skal det mudrast om lag 20-30 m³ massar og ved Godøya om lag 40-50 m³.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Mudring av massar i sjø er regulert av forureiningsforskrifta kapittel 22. Forureiningsforskrifta §§ 22-3 og 22-4 slår fast eit generelt forbod mot mudring frå «skip» (sjøgåande fartøy). Etter søknad kan det likevel gjevast løyve til slike aktivitetar i medhald av § 22-6. Ved avgjerda har vi lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett i samanheng med dei fordelane og ulempene tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11, ledd fem.

Sedimentforureining og spreieing av partiklar

Kommunen opplyser søknaden at det ikkje er kjelder til forureining i nærleiken til tiltaksområda, og at vassutskiftinga i områda er god med mykje straum og tidvis grov sjø. Det vart sist grav i områda i 1995, og i tida etter siste graving har bruken av botnstoffet TBT gått kraftig ned langs kysten grunna forbodet mot dette stoffet. Det er ikkje tatt sedimentprøver i tiltaksområda, men ein burde kunne anta at områda ikkje er vesentleg forureina med botnstoff eller andre miljøgifter. Noko påverknad med miljøgifter er sannsynleg, då områda har vore trafikkert med båtar i lang tid. Vi kan ikkje sjå at det vil vere naudsynt med omfattande avbøtande tiltak mot spreieing av partiklar under tiltaka. Då det er viktige naturverdiar og fiskeriinteresser nær tiltaksområda, må arbeidet utførast forsiktig, og partikkelspreieinga må haldast under oppsyn ved visuell overvaking, jf. vilkår 4.3 og 5.1 i løyvet.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaka etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane er gjort med utgangspunkt i opplysningar i søknadsdokumenta og i databasen til Fiskeridirektoratet og *Naturbasen*. Vi finn at den føreliggande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi ser ingen grunn til å leggje spesiell vekt på førevar-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det registrert eit yngleområde for vade-, måke- og alkefuglar på holmen Havsteinen, om lag 500 meter unna tiltaksområda. Det er òg registrert ein trekkveg for hjort mellom dei to øyene, i overkant av 500 meter vest for der leidninga går (registreringa er datert 1986). Då tiltaka er små i omfang, finn vi det ikkje sannsynleg at desse naturverdiane vil verte påverka i stor grad.

Giske fuglefredingsområde omfattar mykje av øya Giske, inkludert tiltaksområdet ved Gjerdehamna. Ifølgje faktaarket til fredingsområdet er den einaste restriksjonen som gjeld at alle artar av fugl og pattedyr er freda mot jakt og fangst. Fredinga er ikkje relevant i høve til dei aktuelle mudringstiltaka.

Tiltaksområdet ved Gjerdehamna er del av større område med naturtypene «område med blautbotn i strandsona» og «større tareskogførekomstar», som både er verdivurdert til «svært viktig». Større tareskogførekomstar er òg registrert ved tiltaksområdet på Valkve og ved Furkenholmen og Havsteinen, som ligg i nærleiken til dette. Også ved Valkve er det registrert eit område med blautbotn i strandsona. Dei aktuelle naturverdiane er registrert over ganske store område, mens dei aktuelle tiltaka berre vil påverke mindre delar. Sett opp imot samfunnsnytta av tiltaka, finn vi at inngrepa er akseptable, men det er viktig med aktsemd under arbeidet og at det passast på at område utanfor sjølve tiltaksområda vert påverka i minst mogleg grad av arbeidet.

Eit større gyteområde for torsk strekk seg frå Ålesund-området og vestover heilt til Gjerdehamna, slik at det omfattar sjølve tiltaksområdet. Det ligg òg nær tiltaksområdet ved Valkve. Gytinga til



torsken skjer generelt i perioden februar-april, altså vil gytinga vere ferdig i god tid før tiltaka er planlagd gjennomført. Vi finn difor at tiltaka ikkje vil vere til nemneverdig ulempe i høve til dette gytefeltet. Tiltak som kan medføre at partiklar eller miljøgifter spreiaast i vassmassane i gytefeltet må ikkje utførast i perioden februar-april, jf. vilkår 4.6 i løyvet.

Om lag 650 meter aust for tiltaksområdet ved Gjerdehamna er det registrert eit gyteområde for torsk, sild og hyse. Gyteperiode for torsken er oppgitt til februar-april, for silda til februar-mars og for hysa til mars-mai. Avstanden til tiltaksområdet er stor, og tiltaka er planlagd utanom gyteperiodane. Vi finn at tiltaka ikkje vil ha nemneverdig negativ påverknad på dette gytefeltet.

Fleire større fiskeplassar for aktive reiskapar er registrert i sundet mellom øya Giske og Godøya og like aust for Godøya. Avstanden til tiltaksområda er liten. Då tiltaka er små i omfang ventar vi likevel ikkje at dei vil gjeve nemneverdig påverknad på fiskeplassane, men tiltakshavar bør vurdere å kontakte dei lokale fiskarlagane før tiltaka startast opp.

Det er ikkje registrert akvakulturlokalitetar i nærleiken til tiltaksområda.

Vassdirektivet

Tiltaka skal utførast i vassførekomsten *Valderhaugfjorden*, som i *Vann-nett* har registrert god økologisk tilstand, men dårleg kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifølgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) ikkje utførast dersom tiltaka medfører risiko for at den økologiske statusen til førekomsten vert dårlegare. Då dei aktuelle tiltaka ved Giske og Godøya er veldig små i omfang, kan vi ikkje sjå at dei medfører ein slik risiko.

Konklusjon

Statsforvaltaren tillèt mudring av massar i sjø etter fastsette vilkår. Vi finn at miljøulempa ved tiltaka er liten vurdert opp mot den samfunnsmessige nytta deira.

Erstatningsansvar

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltningslova, av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteken. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klagen skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om igangsetting kan ikkje klagast på.

Varsel om gebyr for sakshandsaminga

Vi syner til forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve mv. Vi varslar at saka vil verte plassert under gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det svarar til eit kronebeløp på kr 16 900. Ressursbruken vår under sakshandsaminga ligg til grunn for



val av gebyrsats. Her inngår gjennomgang av søknaden, korrespondanse med søkeren, utarbeiding og ferdigstilling av løyvet og innsats frå ulike fagpersonar hjå Statsforvaltaren.

Eventuelle kommentarar til varselet om gebyrsats skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan to veker, jf. forvaltningslova § 16. Vedtak om gebyr vil verte fatta før faktura vert utsend, og vedtaket vil kunne klagast på.

Reglane om innkreving av gebyr til statskassa for Statsforvaltaren si handsaming av konsesjonar og kontrollar finnast i forureiningsforskrifta kapittel 39 og kan lesast på www.lovdatab.no.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i *forskrift om begrensing av forurensning*.

Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa.

Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjering. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Her er vårt forslag til kunngjeringstekst:

Statsforvaltaren gjev Giske kommune løyve til mudring ved Gjerdehamna på øya Giske og ved Valkve på Godøya i tilknytning til utskifting av vassleidning. Tiltaka skal utførast sumar og tidleg haust 2021.

Vedtak med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsidene til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Forureining» og «Kunngjeringar».

Fristar

- Løyvet skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg.
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Oppstartsmeldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post fmmrthau@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gyldig til og med **31.12.2022**
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er fullført.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Løyve for Giske kommune til mudring i tilknytning til utskifting av vassleidning

Løyvet er gjeve i medhald av [lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall](#) § 16 og forskrift av 01.06.2004 om reduksjon av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå dags dato og er gyldig fram til **31.12.2022**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Giske kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Valderhaug 4, 6050 VALDERØYA
Org. nummer (bedrift)	976676084 (eigast av 964 980 721)
Lokalitet for tiltaket	Gjerdehamna ved Giske og Valkve ved Godøy
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Giske: Gnr. 130 bnr. 1 Godøy: Gnr. 124 bnr. 258
Koordinater for tiltaket (UTM 32)	Giske: 348843 (X), 6933512 (Y) Godøy: 347838 (X), 6931384 (Y)
Kommune tiltaket utførast i	Giske

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹	ePhorte
2021.0432.T	1532.0054.01	4	2021/2505
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
25.05.2021	-	-	

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

¹ Miljømyndigheitenes system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



1. Verkeområde for løyvet

Løyvet gjeld mudring i sjø i Giske kommune i tilknytning til utskifting av vassleidning. Løyvet omfattar mudring av om lag 30 m³ massar ved gnr. 130 bnr. 1 ved øya Giske og om lag 50 m³ massar ved gnr. 124 bnr. 258 ved Godøya.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 11.05.2021 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Vilkåra til forureiningsmyndigheita skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheita, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gjeve etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet, skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få, innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen, for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.



- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i tråd med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

4. Mudring

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.
- 4.3 Mudringa og anna handsaming av lausmassar må utførast med aktsemd for å unngå uheldig spreining av partiklar.
- 4.4 Massane som mudrast kan leggest til sida, og så attende i grøfta når leidninga er på plass, slik som det er skildra i søknaden.
- 4.5 Tiltaket skal utførast under eigna vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreining av partiklar.
- 4.6 Tiltaksarbeid som kan medføre spreining av partiklar i vassmassane må av omsyn til gytande torsk ikkje utførast i perioden frå og med 1. februar til og med 30. april.

5. Kontroll og overvaking

- 5.1 Tiltaksarbeida må overvakast visuelt for å unngå uheldig spreining av partiklar i vassmassane. Ved vedvarande stor spreining må det søkast å utføre arbeidet med større aktsemd.

6. Rapportering

- 6.1 Det skal sendast sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:
- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
 - Ei skildring av korleis omsynet til miljøet vart ivaretatt under tiltaksarbeidet.